



Ingebjørg Eik Band

Konserten på Oska fredag kveld med songsolist Ingebjørg Eik, akkompagnert av Bjarne Øymyr (piano), Alex Grieg (bass) og Sindre Aksnes (slagverk), vart ei svært fin oppleving for dei snautt 50 frammøtte, og tilhøyrarane var med heilt frå starten.

Me fekk to avdelingar, kvar på snautt ein time, med svært variert musikk - dei fleste nummera var vel kjende, men alle presenterte i eigne tolkingar. Tolkingane gjorde at konserten vart ein heilskap, ikkje ei blanding av hummar og kanari. Her var det ikkje snakk om "coverlåtar". Sjangeren må vel seiast å vera jazz, men mange av nummera var av heilt anna opphav - noko som iallfall ga meg ei spesiell oppleving denne kvelden. Det er vel få som høyrer "Jolene" med Dolly Parton, eller "Make You Feel My Love" med Bob Dylan og får jazzfot slik utan vidare, men her vart det flotte versjonar, som gjorde at ein gløymte originalane, og berre høyrde etter. Som Dylanfan fekk eg frysningar av den sist nemnte, og versjonen av "Jolene" starta fritt og vart, men enda med tøff, eggjande drive.

Bjarne Øymyr og Alex Grieg er musikarar som har halde på ei stund. Dei er svært dyktige på instrumenta sine, og dreg både følsame, kraftfylte, og teknisk imponerande soloar. Dei har spela såpass mykje i lag at dei føl kvarandre flott, og leverer pinnen leikande fram og attende for solo.



Konsentrert, samstemt.

Ingebjørg Eik, som opphavelig kjem frå Rosendal, hadde brei omtale i Grenda 29.06. -så bakgrunnen hennar seier me ikkje meir om. Ho har funne sin eigen stil, stort sett lågmælt - berre no og då, då stoffet ikkje ga noko val - "trykte ho meir på". Ho har ei behageleg røyst, og gjev ofte tonane ein "bluesy" vri - noko tangentinstrument og knappespel ikkje er i stand til. Tilnærminga til stykka er hennar eiga, og det er ein fryd å høyra korleis ho leikar seg fram utan å vera bunden av anslag eksakt på takten heile tida.

Trommis Sindre Aksnes frå Uskedalen har etter kvart fått prøva seg på litt av kvart, og betre og betre har han vorte. Han hevda seg svært godt i laget med stødig og variert, men ikkje påtrengande rytme-/taktfylgje.



Stødig, følsamt.

Ein skulle tru ensemblet hadde lang fartstid saman, for det var homogenitet og tilpassing heile vegen. Tilhøyrarane ga med ståande, taktfast applaus etter det som skulle vera siste nummer, tydeleg uttrykk for at dette var noko som hadde falle i smak. Dermed fekk me litt til. Ingebjørg sa det slik: "Eg trur me kan ta ein så me glømta i stad." Så fekk me ein flott versjon av "My Funny Valentine" av Richard Rogers og Lorenz Hart - frå musikalen "Babes in Arms". Dette vart ein flott avslutting, der Ingebjørg partivis sette inn fullt "trøkk".



[My Funny Valentine.](#)

Tekst og foto: Svein Rimestad
Nett: Thor Inge Døssland